

Suldal kommune

Att: Silje Helen Færøy

Syner til tidlegare korrespondanse og møte vedkommande tiltak i det verna bustadområdet i Kilen på Nesflaten.

Les i Suldalsposten at det vert planlagt eit omfattande pumpe- og røyrgateprosjekt sentralt lokalisert til det verna bustadfeltet. Føremålet med tiltaket er omsyn til å auka forskning innan fiskeforvaltning.

Det er såleis med omsorg for «storauren» i Suldalsvatnet at natur- og miljø interesserte no har «vakna til live». Dette etter ei lengre «tornerosesvevn» under konsesjon- og prosjekthandsaming av oppgradering av «AS Saudefaldene» på byrjinga av tusenåret. Ei prosjektendring som medførte at restvassføringa i Bratlandselva vart redusert, ved at Slettedalselva blei overført til Sauda for å auke kraftproduksjonen. Prosjektet vart sett på som eit viktig miljøtiltak av miljørørsla, utan at nokon nemnde dei klart negative konsekvensen for «stor auren» i Bratlandsdalen !

Dette forholdet har eg i tilsvar til NVE den 20.08.2024, påpeikt som ein hovudtrussel mot storaurebestanden i vassdraget:

«Krav om tiltak som inneber magasinrestriksjonar og/eller vatten slepp - Miljøtilpassa vassføring i Bratlandsåna, av omsyn til storaure og anadrom fisk.

Bratlandselva med sine lokale sidebekkar og elvar, er eit prektig og svært synleg naturelement langs vegen i dalføret frå Nesflaten og opp til Røldal.

AS Saudefaldene sin utviding- og oppgradering av kraftanlegga i Sauda, vart etter ei omfattande konsesjonshandsaming, gjennomført i åra 2005 til 2011. Etter eit framlegg frå ei lokal vernegruppe i Sauda, plan «Alternativ 2000», vart Slettedalselva overført til Nyggjelebeitevatn i Sauda vassdraget. Føremålet med dette framlegget var å få til ei auka kraftproduksjon frå dei nye kraftverka, utan å gjera større inngrep i Skaulen -, Åbødalen - eller Indre Etnefjellområdet.

Suldal - og Odda kommune må ha akseptert denne prosjektendringa, slik eg forstår, utan at det framkom nokon miljømessige motsegner eller krav frå kommunane, knytt til restvassføringa i Bratlandsåna. Lokale kommunar «ofra» såleis etter mitt syn, sitt eige klare miljøansvar, til fordel for det som tente «Saudaprojektet» totalt.

At ein først nå innser dei negative konsekvensane for fisken i Bratlandsdalen ved dette vedtaket om Slettedalselva, er nok eit ansvar dei ikkje utan vidare kan tilskriva Røldal Suldal Kraft sine eldre reguleringstiltak i dalføret.

Redusert vassføring i Bratlandsdalen, har sjølvstøtt også ulemper for dei nedanforliggende brukarinteressene. Mellom anna Hylen kraftverk (Statkraft).

Det er gjennomført registrering av gyteferdig storaure med vekt over 1 kg i Roalkvamåna og Bratlandsåna. Resultatet syner ei nærast dobbel mengde av slik fisk i Bratlandsåna samanlikna med det ein fann i Roalkvamåna.

Det indikerer vel kanskje at det er vassføringa og forholda i Bratlandsdalen som bør prioriterast om ein ynskjer å hjelpe fram og auke mengda av storaure i området.»

Tiltakshavar (Lyse Kraft DA) har etter mitt syn ved ei slik planlegging. ingen respekt for eller lojalitet til den eksisterande verneplanen. For å sleppe å kome i konflikt med denne, bør pumpeprosjektet leggjast over på tilgjengeleg areal på elvas vestre side.

Suldal kommune har dessverre sjølv etablert eit «malplassert»kloakkreinseanlegg sentralt for heile Nesflaten, på det beste og mest synlege friområde i strandsona. Der er også pumpeanlegget planlagt, Det er såleis ein risiko for at ein svikt i reinseanlegget vil kunna pumpe restar av kloakken opp i elva.(Ref. til havari av anlegg i odda, der kloakken går rett ut i Sørfjorden.)

Med helsing

Olav Martin Skaar

Kilen1,

4244 Nesflaten